



M/K STRANDLANDET på seglas gjennom Storsund i dag, mot Rosendal.

**Den store skutefesten er i gang.. Over 20 påmelde skuter er på veg frå sør, nord og vest med destinasjon Rosendal. Motorkuttar STRANDLANDET ( ex RIND ) har alt passert Uskedalen og fleire vil gå Storsund i ettermiddag og kveld. Uskedalen.no sin maritime fotograf, Øystein Enæs, er klar med fotoapparatet og vi vil presentera nokre utvalde farty.**

Skutefesten i Rosendal vert skipa til for 3. gong. Målet er å ha fokus på fartyvern, historiar, tradisjonshandverk og kystkultur generelt. Det er lagt opp til ei rekkje aktivitetar i dag og i morgon. Høgdepunktet er dåpssermonien av Galeas GURINE kl. 12.30, i morgon, laurdag. Gudmødrene er Alma Lynghaug Gustavsen og Guri Rørtveit, begge med lang kjennskap til fartyet frå fraktefarten.

I kveld, fredag, er det Skutekro med allsong, musikk, betasuppe, presentasjonar og åresal. Rustne Menn frå Uskedalen har ein viktig rolle i programmet. Harald Oma frå Snilstveitøy vil syna fram den nye hekksbåten til GURINE.



Skutefesten i Rosendal vert skipa til for 3. gong. Slik vil det sjå ut ved Folgefonnsenteret i morgon, laurdag ( Arkivfoto ).  
Laurdag tek dagen til med tre føredrag, mellom anna av Jørn Øyrehagen Sunde, som vil snakka om Norske skipsforlis. Føredragsserien vert køyrt på nytt kl. 16 i Folgefonnsenteret. I teltet og på område rundt er det Torgdag og aktivitetar for born og vaksne.

Skutefesten i morgon i teltet tek til kl. 20.

Det er venta mykje folk til Rosendal i morgon. Det har også samanheng med Vampkonsertane på Baroniet og arrangement på Snikkeriet.

Tekst/hett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs/ Bjarne Øymyr



SKIRNIR, Collin Archer bygd av Andror Tveit på Sunde. 15 meter lang. Eigar i dag: Gerhard Eide.